

Fjaler kontrollutval

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Møteinnkalling

Møtedato: 12.02.2015
Møtestad: Fjaler kommunehus, møterom 344
Møtetid: Kl. 09:00

Innkalling: Faste medlemar i utvalet.
Rådmann i sak 013/15. Revisor i sakene 012-013/15.

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post: arva@sekom.no
Audhild Ragni Vie Alme, tlf: 57 61 27 85 mobil: 971 70 064

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
010/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
011/15	Skriv og meldingar 12.2.2015
012/15	Revisor sin eigenvurdering av uavhengigheit
013/15	Val og tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt
014/15	Oppfølgingslister 2-2015
015/15	Eventuelt

Med helsing

Magne Norddal
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Fjaler kontrollutval	Møtedato 12.02.2015	Saksnr 010/15
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/128
---	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Fjaler kontrollutval	Møtedato 12.02.2015	Saksnr 011/15
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 14/311
---	-------------------------	-------------------------------

Skriv og meldingar 12.2.2015

Vedlegg:

Nr	Dok.dato	Tittel	Dok.ID
1	27.01.2015	Skatterekneskap og årsrapport 2014	15/187
2	30.01.2015	Melding om vedtak frå Fjaler kommunestyre KOM-007/15 Kontrollutvalet - Årsmelding 2014	15/234
3	30.01.2015	Melding om vedtak frå Fjaler kommunestyre KOM-008/15 Reglement for kontrollutvalet i Fjaler	15/235
4	13.01.2015	Evaluering av kontrollutval og kontrollutvalssekretariat	15/79

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert teke til orientering.



FJALER KOMMUNE
Sørviskontoret

SEKOM Sekretariat
Postboks 338
6802 FØRDE

Vår ref.
15/63-2/AFN
15/442

Dykkar ref.

Arkiv
K1-210

Dato:
19.01.2015


Skatterekneskap og årsrapport 2014

Årsrapport og skatterekneskap med forklaring følger som vedlegg.

Med helsing

Ainor Fristad Naustdal
skatteoppkrevjar

Direkte tlf: 57738000



Årsrapport for 2014

Skatteoppkrevjaren i Fjaler kommune

Innhold

1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet	3
1.1 Skatteoppkreverkontoret	3
1.1.1 Ressurser	3
1.1.2 Organisering	3
1.1.3 Ressurser og kompetanse	3
1.2 Internkontroll	4
1.3 Vurdering av skatteinngangen	4
1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret	4
1.3.2 Kommunens andel av skatteinngangen i regnskapsåret	5
1.4 Skatteutvalg	5
2. Skatteregnskapet	5
2.1 Avleggelse av skatteregnskapet	5
2.2 Margin	5
2.2.1 Margin for inntektsåret 2013	5
2.2.2 Margin for inntektsåret 2014	5
2.2.3 Kommentarer til marginavsetningen	5
3. Innfordring av krav	6
3.1 Restanseutviklingen	6
3.1.1 Totale restanser og berostilte krav	6
3.1.2 Kommentarer til restansesituasjonen og utviklingen i restanser	6
3.1.3 Restanser eldre år	7
3.1.4 Kommentarer til restanser og restanseoppfølgingen for eldre år	7
3.2 Innfordringens effektivitet	7
3.2.1 Vurdering av kontorets resultat pr. 31.12.2014	7
3.2.2 Vurdering av sammenheng mellom aktivitet og resultat	7
3.3 Særnamskompetanse	8
4. Arbeidsgiverkontroll	8
4.1 Organisering av arbeidsgiverkontrollen	8
4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller	8
4.3 Resultater fra arbeidsgiverkontrollen	8
4.4 Vurdering av arbeidsgiverkontrollen	8
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører	8
4.6 Gjennomførte informasjonstiltak	9

1. Generelt om skatteoppkrevjarens verksemd

1.1 Skatteoppkrevjarkontoret

1.1.1 Ressursar

Ressursfordeling	Årsverk	%-andel fordelt
Antall årsverk ved skatteoppkrevjar kontoret som kun er nytta til skatteoppkrevjarfunksjonen i regnskapsåret	1	100 %
Ressursbruk ved skatteoppkrevjar kontoret, fordeling av årsverk	-----	-----
Skatteregnskap	0,25	25 %
Innfordring av skatt og arbeidsgjevaravgift	0,50	50 %
Arbeidsgjevarkontroll	0,25	25 %
(Andel fordelt skal være 100 %)	Sum	100 %

1.1.2 Organisering

Skatteoppkrevjaren i Fjaler har kontorstad ved Sørviskontoret, kommunehuset i Fjaler. Leiar ved Sørviskontoret er nærmaste overordna. Skatteoppkrevjaren har alt arbeid innan skatt. Det er etablert samarbeid med kommunane Askvoll og Hyllestad der skatteoppkrevjarane i dei tre kommunane har fullmakter i samarbeidskommunane. Dette for å dekke opp ved fråvær og i tillegg bidra til å heve den faglege kompetansen. Det er tilsett interkommunal rekneskapskontrollør med kontorstad Fjaler. Rekneskapskontrolløren dekkar 5 kommunar i HAFS-regionen.

1.1.3 Ressursar og kompetanse

Det er tilsett skatteoppkrevjar i 100 % stilling, men skatteoppkrevjaren har teke ut 20 % omsorgspermisjon, så i praksis vert stillinga dekkja 80 %. I tillegg har vi ein andel på 25 % i ein interkommunal stilling som rekneskapskontrollør. Skatteoppkrevjaren skal vurdere ressursituasjonen på tre hovudområde:

- Skatterekneskap
- Innfordring
- Arbeidsgjevarkontroll

Skatteoppkrevjaren vurderer å ha tilstrekkeleg med ressursar både til skatterekneskap og innfordring. Samarbeidsavtalen med Hyllestad og Askvoll er svært viktige i denne samanheng. Sjølv om skatteoppkrevjar har redusert stilling frå 100 – 80 % i 2014 vurderer ein dette til å vere tilstrekkeleg. Dette fordi skatteoppkrevjar har vore frigjort oppgåver som ikkje er knytt opp mot skatt.

Når det gjeld arbeidsgjevarkontrollen har ein i 2014 ikkje oppnådd målkrava på 6 kontrollar. Det har vore halde 2 kontrollar, 4 mindre enn kravet. Grunnen til dette er at den interkommunale rekneskapskontrolløren har vore langtidssjukemeldt.

1.2 Internkontroll

Eit system for internkontroll består av tre element

- Styrande dokumentasjon
- Gjennomførande dokumentasjon
- Kontrollerande dokumentasjon

Det er utarbeidd ein internkontrollperm som er bygd opp etter dette systemet, dette for å sikre internkontroll ved Fjaler skatteoppkrevjarkontor.

Skatteoppkrevjar har som ein del av den interne kontrollen utarbeidd rutineomtale for kontorets verksemd.

Rutineomtalane har vore gjennomgått i 2014 og oppdatering er føreteke.

1.3 Vurdering av skatteinngangen

1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret 2014

		2014	2013
	Likvider	17 386 650	17 375 097
	Skyldig skattekreditorane	-717 375	-1 384 739
	Skyldig andre	-118 113	-5 948
	Innestående margin	-16 551 157	-15 984 405
	Udisponert resultat	-5	-5
Sum		0	0
	Arbeidsgjevaravgift	-40 092 723	-38 076 807
	Kildeskatt	-85 200	
	Personlige skatteytar	-182 949 699	-182 273 935
	Selskapsskatt	-21 764 256	-15 660 362
	Renter	-361 436	-87 365
	Innfordring	4 903	-5 807
Sum		-245 248 411	-236 104 276
	Fordelt til Folketrygda – arbeidsgj.avgift	40 092 723	38 076 807
	Fordelt til Folketrygda - medlemsavgift	52 322 689	49 335 048
	Fordelt til Fylkeskommunen	11 648 219	11 422 529
	Fordelt til kommunen	54 443 964	53 581 429
	Fordelt til Staten	86 743 189	83 688 908
	Krav som er ufordelt	0	0
	Vidaresending plassering mellom kommunar	-2 373	-445
Sum		245 248 411	236 104 276
Sum totalt		0	0

Det vart fordelt vel 9,1 mill. meir i 2014 enn i 2013. Størst auke kjem frå selskapsskatt og arbeidsgjevaravgift. Det er også ein auke i kildeskatt.

1.3.2 Kommunen sin del av skatteinngangen i regnskapsåret

Kommunen sin del av skatteinngangen var 54,4 mill., noko som er ein auke på 862 535 kr , eller knappe 1,6 % frå 2013.

1.4 Skatteutvalg

Det har ikkje vore skatteutval-saker i 2014.

2. Skatteregnskapet

2.1 Avlegging av skatteregnskapet

Avlegging av skatteregnskapet

Skatteoppkrevjaren i Fjaler kommune stadfestar at skatteregnskapet for 2014 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldande forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevjarar av 8.april 2004 § 3-3 nr. 2.

Årsregnskapet for 2014 følger som vedlegg til årsrapporten, og er signert av skatteoppkrevjaren.

2.2 Margin

2.2.1 Margin for inntektsåret 2013

Innestående margin for inntektsåret 2013, pr. 31.10.2014 kr 0

For lite avsett margin for inntektsåret 2013 kr 231 771

Marginprosent

Procentsats marginavsetning: 10 %. Gyldig frå: 01.01.2000

2.2.2 Margin for inntektsåret 2014

Marginavsetning for inntektsåret 2014, pr. 31.12. 2014 kr 16 551 157

Gjeldande presentsats marginavsetning: 10 %. Gyldig frå: 01.01.2000

2.2.3 Kommenterar til marginavsetninga

Det er ikkje gjort vedtak om endring i 2014.

3. Innfordring av krav

3.1 Restanseutviklinga

3.1.1 Totale restansar og berostilte krav

Skatteart	Restanse 31.12.2014	Herav berostilt restanse 31.12.2014	Restanse 31.12.2013	Herav berostilt restanse 31.12.2013	Endring i restanse Reduksjon (-) Auke (+)	Endring i berostilt restanse Reduksjon (-) Auke(+)
Sum restanse pr. skatteart	2 752 325	2490	3 343 779	2 490	-591 454	0
Arbeidsgjevaravgift	157 524	0	259 964	0	-102 440	0
Artistskatt	0	0	0	0	0	0
Forsinkelsesrenter	59 154	71	49 568	71	9586	0
Forskotsskatt	0	0	0	0	0	0
Forskotsskatt person	365 838	0	389 575	0	-23 737	0
Forskotstrekk	120 831	0	250 447	0	-129 616	0
Gebyr	0	0	0	0	0	0
Innfordringsinntekter	66 913	0	68 818	0	-1905	0
Inntekt av summarisk fellesoppgjør	0	0	0	0	0	0
Kildeskatt	0	0	0	0	0	0
Restskatt	38 185	0	53 844	0	-15 659	0
Restskatt person	1 943 880	2419	2 271 563	2419	-327 683	0
Sum restanse diverse krav	0	0	13 482	0	-13 482	0
Diverse krav	0	0	13 482	0	-13482	0
Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav	2 752 325	2490	3357 261	2490	-604 936	0

3.1.2 Kommenterar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar

Restansen har i 2014 vorte redusert. Det er 18 % mindre restansar pr. 31.12.2014 samanlikna med 31.12.2012. Det er inga endring i berostilte krav frå 2013 til 2014.

Kommenterar restanse på dei enkelte skatteartane:

Arbeidsgjevaravgift: Restanse frå 2013 er redusert med 102.440,-.

Forskotsskatt: På forskotsskatt (bedrift) er det pr. 31.12.2014 ingen restanse.

Forskotsskatt person: På forskotsskatt person er det ein restanse på 365.838,-. Dette er ein reduksjon på vel kr 23.000,-

Forskotstrekk: På forskotsrekk er det restanse på 120.831, noko som er ein reduksjon på 129.616 frå førre årsskifte.

Restskatt (firma): På restskatt firma er det ein restanse på kr 38.185,-. Dette er ein reduksjon på 19%.

Restskatt person: Her er restansen pr. 31.12.2014 kr. 1.943.880,- eller 327.683 mindre enn ved førre årsskifte.

Avskrivingar:

Lemping etter ligningsloven: 0

Nedsetjing av pensjonsgjevande inntekt: 0

Avskriving: kr 741.918

Utlíkna skatt:

Utlíkna skatt har auka med kr 8.302.058 frå 2012 til 2013. Utlíkna skatt var kr 199.611.711 for skattåret 2013. Utlíkna skatt fordelar seg slik mellom personlege og upersonlege skattytarar:

Upersonlege: 21.646.535 - antall 137

Personlege: 177.965.176 - antall 1.984

Det totale antall skattytarar var 2.121 ved skatteavrekninga 2013.

3.1.3 Restansar eldre år

Inntektsår	Sum restanse (debet)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2012	452.586	349.788
2011	173.720	155.289
2010	89.131	81.176
2009 – 1997	1.215.432	-----

3.1.4 Kommentrar til restansar og restanseoppfølging for eldre år

2012: Restanse er redusert frå 724.560 til 452.586

2011: Restanse er redusert frå 284.607 til 173.720

2010: Restanse er redusert frå 110.725 til 89.131

2009 – 1997 : Restanse er redusert frå 1.223.944 til 1.215.432

Antall krav som var forelda pr. 31.12.2014: 8

Samla beløp på krav som var forelda pr. 31.12.2014: kr 156.953

Kontoret har gjennomgått rapporten "Restanseliste – forelda krav" dato t.o.m. 31.12.2014.

3.2 Effektivitet i innfordringa**3.2.1 Vurdering av kontorets resultat pr. 31.12.2014**

På dei fleste områder er resultatkrava oppnådd pr. 31.12.2014. Når det gjeld forskottsskatt for personlege skattytarar inntektsåret 2013 og forskottsskatt for upersonlege skattytarar inntektsåret 2013 er resultata 100 %. Når det gjeld totale restansar og auke i med anna restskatt person er dette under innfordring med ulike tiltak som utleggsforretning og utleggstrekk.

3.2.2 Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat

Skatteoppkrevjar vurderer det slik at det er avgjerande å vere raskt ute med innfordringstiltak og det er viktig å komme på bana før andre aktørar. Det er viktig å nytte seg av dei innfordringsverktøy ein har til rådvelde. Det vil i alle høve på sikt gje resultat.

3.3 Særnamskompetanse

Skatteoppkrevjaren i Fjaler nyttar seg av særnamskompetansen, og utfører alle utleggsforretningar sjølv.

4. Arbeidsgjevarkontroll

4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontroll

Det er tilsett interkommunal rekneskapskontrollør i Hafs regionen, som omfattar kommunane Solund, Gulen, Hyllestad, Askvoll og Fjaler.

4.2 Planlagde og gjennomførte kontrollar

Antall planlagde kontrollar for 2014: 6

Som utgjere: 4,7 % av totalt antall leverandører av LTO i kommunen.

Antall gjennomførte kontrollar i 2014: 2

Som utgjere: 1,6 % av totalt antall leverandører av LTO i kommunen.

Antall gjennomførte kontrollar i 2013: 6

4.3 Resultat frå arbeidsgjevarkontrollen

Kontrollar som er haldne i 2014 har ikkje avdekkja avvik i avgiftsrapportering. Men kontrollane har hatt god kvalitet, så grunnen til at avdekkja tilhøve ikkje oppfyller krava må ligge i utveljing av kontrollobjekt og val av kontrolltype.

4.4 Vurdering av arbeidsgjevarkontrollen

Skatt Vest sitt krav til antall kontrollar for 2014 er ikkje oppnådd. Kravet til avdekking er difor heller ikkje oppnådd.

Solund kommune har hatt arbeidsgjevaransvaret, medan kontrolløren har hatt kontorstad i Fjaler. Grunnen til at antall kontrollar ikkje er oppnådd for 2014 er at kontrolløren har vert langtids sjukemeldt. Skatt Vest har vore pådrivar for å få kommunane til å sikre at det vert kontinuitet i arbeidet ved fråvær. I Hafs-området lovar Solund kommune å stille med vikar når det er behov for det. Det har ein ikkje lykkast med i 2014.

4.5 Samarbeid med andre kontrollaktørar

Det har ikkje vore kontrollsamarbeid med andre aktørar i 2014.

4.6 Gjennomførte informasjonstiltak

Det er registrert tre nye bedrifter med arbeidsgjevaransvar i Fjaler i 2014.
Det er gitt informasjon der det er registrert behov for det.

Dale i Sunnfjord, 19.01.15

Ainor Fristad Naustdal
Skatteoppkrevjar

Vedlegg: Årsregnskapet for 2014 - signert av skatteoppkrevjaren

ÅRSREKNESKAP SKATT, 1429 FJALER KOMMUNE - 2014

Avlagt etter kontantprinsippet.

		2014	2013
	Likvider	17 386 650	17 375 097
	Skyldig skattekreditorene	-717 375	-1 384 739
	Skyldig andre	-118 113	-5 948
	Innestående margin	-16 551 157	-15 984 405
	Udisponert resultat	-5	-5
Sum		0	0
	Arbeidsgiveravgift	-40 092 723	-38 076 807
	Kildeskatt	-85 200	
	Personlige skatteyttere	-182 949 699	-182 273 935
	Selskapsskatt	-21 764 256	-15 660 362
	Renter	-361 436	-87 365
	Innfordring	4 903	-5 807
Sum		-245 248 411	-236 104 276
	Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	40 092 723	38 076 807
	Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	52 322 689	49 335 048
	Fordelt til Fylkeskommunen	11 648 219	11 422 529
	Fordelt til kommunen	54 443 964	53 581 429
	Fordelt til Staten	86 743 189	83 688 908
	Krav som er ufordelt	0	0
	Videresending plassering mellom kommuner	-2 373	-445
Sum		245 248 411	236 104 276
Sum totalt		0	0

Dale i Sunnfjord 19.01.2015

Ainor F. Naustdal

Ainor Fristad Naustdal
Skatteoppkrevjar

FJALER KOMMUNE
SKATTEOPPKREVJAREN

Forklaring til årsregnskapet

Skatteregnskapet er avlagt etter kontantprinsippet. Skatteregnskapet viser skatter og avgifter mv som er innbetalt i løpet av regnskapsåret.

Innbetalte skatter og avgifter mv er fordelt til kommunen, fylkeskommunen, folketrygden og staten (skattekreditorene), etter gjeldende fordelingstall.

Sumlinjene i årsregnskapet

- **Likvider**

Likvidene i skatteregnskapet består av bankbeholdning for skatt og eventuelt kontantbeholdning.

- **Skyldig skattekreditorene**

Fordelingsoppgjøret til skattekreditorene for desember, står som gjeld i balansen pr. 31.12. Skatteoppkreveren skal utbetale fordelingsoppgjøret til skattekreditorene senest 10. januar.

Dersom dette er et positivt beløp, har skatteoppkreveren en fordring på skattekreditorene. Skattekreditorene skal innbetale dette beløpet til skatteoppkreveren senest 20. januar.

- **Skyldig andre**

Dette beløpet består av uidentifiserte og uplasserte innbetalinger, som ikke er fordelt til skattekreditorene.

- **Udisponert resultat**

Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.

- **Innbetalte skatter og avgifter, Renter, Innfordring**

Dette beløpet er innbetalt arbeidsgiveravgift, forskuddstrekk fratrukket marginavsetning, forskuddsskatt for personlige og upersonlige skattytere, restskatt og overskytende forskudd for personlige og upersonlige skattytere, kildeskatt, samt renter og gebyrer.

- **Fordelt til skattekreditorene**

Dette er innbetalte skatter og avgifter, renter og gebyrer som er fordelt til skattekreditorene.

- **Krav som er ufordelt**

Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.



Kontrollutvalet i Fjaler

MELDING OM POLITISK VEDTAK

Vår ref.

15/59-3/K1-210//OLH
15/717

Dykkar ref.

Dato:

30.01.2015

Kontrollutvalet - Årsmelding 2014

Saka var handsama i kommunestyre den 26.1.15 og det var gjort slikt samrøystes vedtak:

26.01.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KOM-007/15 VEDTAK:

Årsmelding 2014 frå kontrollutvalet i Fjaler kommune vert godkjent.

Med helsing

Ola Hovland
rådmann

Direkte tlf: 57738055

Fra: Ola Hovland
Sendt: 30. januar 2015 08:49
Til: Audhild Ragni Vie Alme
Emne: Melding om vedtak frå Fjaler
Vedlegg: SKM_C454e15013008040.pdf

Hei

Sender vedlagt melding om vedtak frå Fjaler

Ha ei fin helg!

Med helsing

Ola Hovland
rådmann

tlf. +47 57738055/+47 95894683



Fjaler kommune <<http://www.fjaler.kommune.no/>>



Kontrollutvalet i Fjaler

MELDING OM POLITISK VEDTAK

Vår ref.

15/60-3/K1-033, K3-&00//OLH
15/719

Dykkar ref.

Dato:

30.01.2015

Reglement for kontrollutvalet i Fjaler

Saka var handsama i kommunestyremøte den 26.1.15 og det var gjort slikt samrøystes vedtak:

26.01.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KOM-008/15 VEDTAK:

1. Framlegg til reglement for Fjaler kontrollutval datert 2.1.2015, vert vedteke.
2. Framlegg til reglement for høyringar i Fjaler kontrollutval datert 2.1.2015, vert vedteke.

Med helsing

Ola Hovland
rådmann

Direkte tlf: 57738055

Fra: Ola Hovland
Sendt: 30. januar 2015 08:49
Til: Audhild Ragni Vie Alme
Emne: Melding om vedtak frå Fjaler
Vedlegg: SKM_C454e15013008040.pdf

Hei

Sender vedlagt melding om vedtak frå Fjaler

Ha ei fin helg!

Med helsing

Ola Hovland
rådmann

tlf. +47 57738055/+47 95894683



Fjaler kommune <<http://www.fjaler.kommune.no/>>

Skriv og melding i kontrollutvala og styret for SEKOM-sekretariat

Dato: 12.01.2015
Vår referanse: 15/79
Arkiv: FE-000

Evaluering av kontrollutval og kontrollutvalssekretariat Til informasjon

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har tanga rapport med evaluering av kontrollutval og sekretariat frå Deloitte. Klipp frå Regjeringen.no pr 12.1.15:

The screenshot shows the official website of the Norwegian Government (Regjeringen.no). The header features the Norwegian coat of arms and the text 'Regjeringen.no' with a search bar. Below the header is a navigation menu with categories like 'Tema', 'Dokumenter', 'Aktuelt', 'Departementene', and 'Regjeringen'. The main content area displays the title 'Evaluering av kontrollutvalg og kontrollutvalssekretariat' and the date 'Rapport | Publisert: 09.01.2015'. A sidebar on the right identifies the department as 'Kommunal- og moderniseringsdepartementet'. Below the title, there is a brief summary of the report, stating that Deloitte has provided an evaluation of the control committees and their secretariats in the municipalities. A 'RELATERT' (Related) section links to another document: 'Evaluering av kontrollutvalg og kontrollsekretariat'. At the bottom, there is a link to the PDF version of the report.

Pdf-versjon av rapporten: www.regjeringen.no -> Dokumenter -> Rapporter og planer.

Med helsing

Arnar Helgheim
Dagleg leiar
Tlf 57 61 27 84 / 975 81 418
ah@sekom.no

SEKOM-sekretariat

Saksgang Fjaler kontrollutval	Møtedato 12.02.2015	Saksnr 012/15
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-216	Arkivsaknr.: 15/112
---	-------------------------	-------------------------------

Revisor sin eigenvurdering av uavhengigheit

Vedlegg:

Dok.dato 02.02.2015	Tittel Uavhengighetserklæring Fjaler, KRYSS Revisjon datert 20.1.2015	Dok.ID 1523
-------------------------------	---	-----------------------

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Fjaler kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av revisor sin uavhengigheit datert 20.1.2015 til vitande.

.

Saksutgreiing:

Terje Førde, oppdragsansvarleg revisor for Fjaler kommune, har i brev datert 20.1.2015 gjeve ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit, sjå vedlagde erklæring.

I fylgje revisjonsforskrifta §15 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år gje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til kontrollutvalet. Krav til uavhengigheit og objektivitet gjeld også revisor sine medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarleg revisor som er pliktig til å legge fram ei skriftleg vurdering for kontrollutvalet.

Oppdragsansvarleg revisor har vurdert sin uavhengigheit med utgangspunkt i dei objektivitetskrav som kjem til uttrykk i KommuneLOVA § 79 og Forskrift om revisjon §§ 13 og 14. Det er ikkje opplysningar i eigenvurderinga som kan svekke oppdragsansvarleg revisor sin tillit, med omsyn til uavhengigheit og objektivitet, ovanfor Fjaler kommune.

*Kontrollutvalet
i Fjaler kommune*

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkivkode:	Journalnr.:	Dokumentdato:
	Revplan 2015\ Erklæring2015Fjaler	216&30	001 / 2015	20. januar 2015

VURDERING AV UAVHENGIGHEIT 1429 FJALER KOMMUNE

Innleiing:

Fjaler kommune sin revisor er *Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord*; etablert som eit interkommunalt revisjonssamarbeid, organisert etter Kommunelova § 27, med tilhøyrande samarbeidsavtale og vedtekter. I det daglege nyttar ein forkortinga KRYSS Revisjon. I følgje forskrift om revisjon av 15.06.2004, § 15, skal oppdragsansvarleg revisor minimum kvart år avgje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til kommunen sitt Kontrollutval.

Krav til uavhengigheit og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er kun *oppdragsansvarlege* revisorar som *plikter* å legge fram ei skriftleg vurdering for Kontrollutvalet. I KRYSS Revisjon sine revisjonsplanar vil vurdering av uavhengigheita til kvar einskild revisor i kommunen sitt revisjonsteam, inngå som eit eige punkt i revisjonsplanen. Oppdragsansvarleg revisor, og dei øvrige revisorar som har befatning med oppdraget, vil ha utarbeida sine særskilde, skriftlege eigenvurderingar, og desse vil ligge som dokumentasjon i planverket og er til eikvar tid gjenstand for ettersyn og kvalitetskontroll frå overordna myndigheit for vårt arbeide.

Både Kommunelova (§ 79) og Forskrift om revisjon (kap. 6) stiller krav til revisor sin uavhengigheit. Krava er nærare beskrivne nedanfor.

Lova og forskriftene sine krav til uavhengigheit:

I flg. Kommunelova § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som gjennomfører revisjonsarbeid ikkje:

1. vere tilsett i andre stillingar i kommunen eller i verksemd som kommunen deltek i
2. vere medlem av styrande organ i verksemd som kommunen deltek i
3. delta i, eller ha funksjonar i annan verksemd, når dette kan føre til at vedkomande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjevar, eller på annan måte er eigna til å svekke tilliten til den som føretek revisjon
4. ha nærståande (ektefelle, sambuar, nære slektningar) som har slik tilknytning til den reviderte at det kan svekke revisor si uavhengigheit og objektivitet.

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. Terje Førde: 57 61 26 40 eller
57 61 26 41, evt. mobiltlf. 99 22 92 27
Tlf. Trine Vokuhl, 57 61 26 48;
- evt. mobiltlf. 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil. 91 33 30 46
Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55
Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 2646
- evt. mobiltlf. 99 23 52 16
Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;
- evt. mobiltlf. 47 65 50 93

I tillegg stiller lova, § 79, og revisjonsforskrifta, § 14, følgjande begrensningar:

5. revisor kan ikkje utføre rådgjevingstenester eller andre tenester der dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor sin uavhengigheit og objektivitet
6. revisor kan ikkje yte tenester som høyrer inn under den revisjonspliktige (dvs. den reviderte; - kommunen, føretaket, særbedrifta, verksemda) sine egne leiaroppgåver og/eller kontrolloppgåver
7. revisor kan ikkje opptre som fullmektig for den revisjonspliktige; - unnateke ved bistand i skattesaker, m.v., etter domstollova
8. det må ikkje ligge føre andre særeigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til revisor sin uavhengigheit og objektivitet ved gjennomføringa av revisjonsoppgåvene

Revisor sin eigenvurdering av punkta ovanfor:

Pkt. 1: Tilsettingsforhold	<i>Underteikna har ikkje tilsettingsforhold i andre stillingar enn i Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS Revisjon).</i>
Pkt. 2: Medlem i styrande organ	<i>Underteikna er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som kommunen tek del i.</i>
Pkt. 3: Delta eller inneha funksjonar i annan verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	<i>Underteikna deltek ikkje i, eller innehar funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rolla som revisor.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Underteikna har ikkje nærstående som har tilknytning til kommunen, som har betydning for min uavhengigheit og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgjevingstenester eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet	<i>Underteikna stadfestar at det for tida ikkje vert ytt rådgjevingstenester eller andre tenester overfor kommunen som kjem i konflikt med denne bestemmelsen.</i> <i>Før slike tenester vert utført av KRYSS Revisjon, blir det gjort ei vurdering av rådgjevinga eller tenesta sin art i forhold til revisor sin uavhengigheit og objektivitet. Dersom vurderinga konkluderer med at utøvinga av slik teneste kjem i konflikt med bestemmelsane i forskrifta § 14, skal revisor ikkje utføre tenesta. Kvart einskild tilfelle må vurderast særskilt.</i> <i>Revisor besvarer daglege spørsmål og henvendelsar som er å betrakte som veiledning og bistand i det løpande forvaltningsarbeidet i kommunen, og ikke revisjon. Ordlyden i paragrafen seier at også slike veiledningar må skje med varsemd og på ein måte som ikkje bind opp revisor sine seinare revisjons- og kontrollvurderingar.</i> <i>I eit kvart forvaltningsrevisjonsprosjekt vert det innteke eit eige avsnitt der vi konkret vurderer vår uavhengigheitsaspekt for KRYSS Revisjon som selskap, og for den/dei medarbeidarar som faktisk og reelt vert involvert i gjennomføringa av forvaltningsrevisjonsprosjektet.</i>

Pkt. 6: Tenester under kommunen sine egne leiaroppgåver og kontrolloppgåver (intern kontroll, m.v.)	<i>Underteikna stadfester at det for tida ikkje vert ytt tenester overfor kommunen som høyrer inn under kommunen sine egne leiaroppgåver og kontrolloppgåver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Underteikna stadfester at korkje revisor eller KRYSS Revisjon for tida opptrer som fullmektig for Fjaler kommune.</i>
Pkt. 8: Andre særegne forhold	<i>Underteikna kjenner ikkje til andre særegne forhold som er eigna til å svekke tilliten til min uavhengigheit og objektivitet overfor oppdraget Fjaler kommune.</i>

Revisjonssjef forvaltning, *Charles Litsheim*, forvaltningsrevisor *Stig Årdal* og operasjonell/utøvande finansiell revisorar overfor Fjaler kommune, *Aud Marit Nyland Eide* og *Torill Nordstrand*, avgjev særskilde uavhengigheitserklæringar for 2015. Desse er oppbevart som dokumentasjon hos oss, som vedlegg til denne erklæring.

Praksis er ein årleg gjennomgang og internvurderingar av alle forhold som knyter seg til eit-kvart oppdrag som sorterer inn under kommunen. Praksis er også at desse dokumenta er undergjeve *ekstern kvalitetskontroll frå ekstern kontrollmyndigheit*. Lovkravet og praksis er også at oppdragsansvarleg sin årlege uavhengigheitserklæring blir lagt fram for Kontrollutvalet og Kommunestyret.

Erklæringane for 2015 avløysar erklæringane gjeve for driftsåret 2014, og vert med dette lagt fram for oppdraget/kommunen og i samsvar med revisjonsforskriftene for kommunal revisjon, § 15.

Førde, den 20. januar 2015


Kommunerevisjonen
Ytre Sogn og Sunnfjord
 Postboks 487, 6801 Førde
 Terje Førde
 Dagleg leiar/Revisjonssjef
KRYSS Revisjon
 Kommunerevisjonen i
 Ytre Sogn og Sunnfjord

Kopi:

Kommunestyret i Fjaler

Fjaler kommune v/Rådmannen

Fjaler kommune v/Ordføraren

SEKOM-sekretariat

Saksgang	Møtedato	Saksnr
Fjaler kontrollutval	12.11.2014	031/14
Fjaler kontrollutval	12.01.2015	004/15
Fjaler kontrollutval	12.02.2015	013/15

Sakshandsamar:	Arkiv:	Arkivsaknr.:
Audhild Ragni Vie Alme	FE-217	14/221

Val og tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
03.11.2014	KOM-111/12 Eigarskapspolitikk for Fjaler kommune 2012	767
05.02.2015	Svar frå KRYSS Revisjon datert 22.1.2015: Fjaler kontrollutval - Val og tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt	1578

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Vert lagt fram utan tilråding.

Handsaming i Fjaler kontrollutval 12.11.2014:

KRYSS Revisjon og rådmannen møtte i saka.

Framlegg til vedtak:

Saka vert utsett.

Samrøystes vedteke.

FJA-031/14 Vedtak:

Saka vert utsett.

Handsaming i Fjaler kontrollutval 12.01.2015:

Rådmann Ola Hovland møtte i saka.

Nytt framlegg til vedtak:

Fjaler kontrollutval vel gjennomgang av eigarskapspolitikk for Fjaler kommune, som sitt neste forvaltningsrevisjonsprosjekt av KRYSS Revisjon.

Korleis utøver den enkelte representant si rolle i høve til kommunen si interesse i selskapet. Jamfør punkt 3. Arbeidsforma for politiske og administrativ utøving av eigarrolla, i Fjaler kommune sin eigarpolitikk som eigar i selskap.

Kontrollutvalet ber Kryss Revisjon legge fram prosjektplan på neste møte.

Det nye framlegget vart samrøystes vedteke.

FJA-004/15 Vedtak:

Fjaler kontrollutval vel gjennomgang av eigarskapspolitikk for Fjaler kommune, som sitt neste forvaltningsrevisjonsprosjekt av KRYSS Revisjon.

Korleis utøver den enkelte representant si rolle i høve til kommunen si interesse i selskapet. Jamfør punkt 3. Arbeidsforma for politiske og administrativ utøving av eigarrolla, i Fjaler kommune sin eigarpolitikk som eigar i selskap.

Kontrollutvalet ber KRYSS Revisjon legge fram prosjektplan på neste møte.

.

Saksutgreiing til møte 12.11.2014:

KRYSS Revisjon leverte 20.10.2014 forvaltningsrevisjonsrapport for Fjaler kommune – Rutinar rundt sjukefråvær, og kontrollutvalet skal difor velje og tinge eit nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt.

I fylgje plan for forvaltningsrevisjon Fjaler kommune 2012-2015, vedteken av kommunestyret 17.12.2012 i sak KOM-112/12, føreligg det følgjande prioritering av prosjekt:

1. Rutinar kring sjukefråvær (levert og handsama i kommunestyret 15.12.2014, KOM-098/14)
2. Internkontroll
3. Innkjøpsfunksjonen

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden.

På oppfølgingslista har kontrollutvalet sett opp at dei vil sjå på eigarskapen i selskap som eit mulig forvaltningsrevisjonsprosjekt, for å få ei vurdering av korleis kommunen brukar sitt eigarskap i dei selskapa dei er eigar i. Eigarskapspolitikk for Fjaler kommune 2012, vart vedteken i kommunestyret 17.12.2012 sak KOM-111/12, sjå vedlegg.

Kontrollutvalet ynskjer at rådmannen møter og kan komme med eventuelle innspel til val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt. Revisor er også kalla inn til møte.

Rådmann og revisor er i e-post datert 17.9.2014 gjort merksam på at kontrollutvalet sitt møte 30. oktober er flytta til 12. november, og at kontrollutvalet vil vurdere val og tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt i dette møtet.

Tilleggsutgreiing til møte 12.1.2015:

Det har kome innspel til om ein kunne starta eit prosjekt på «Eigarskapskontroll i Sunnfjord Energi AS». Der ein og får ei vurdering av selskapet si inntening samanlikna med liknande selskap i bransjen.

SEKOM-sekretariat har drøfta prosjekt for Eigarskapskontroll i Sunnfjord Energi, med KRYSS Revisjon, og kan ikkje sjå at dei eller vi har kompetanse til å gjennomføre eit slikt prosjekt. Det vil sei at det må leigast inn firma med slik kompetanse for å utføre dette forvaltningsrevisjonsprosjektet, og kommunestyret må løyve midlar til prosjektet. Innspelet bør kanskje

vere ein del av grunnlaget for kommunestyret sin eigarskapsstrategi, og i tilfelle vere ein del av Fjaler kommune sin eigarskapspolitikk.

SEKOM-sekretariat tilrår difor ikkje å velje eit slikt prosjekt, men at kontrollutvalet går for prosjekt som ligg i den vedtekne planen for forvaltningsrevisjon i Fjaler kommune.

Tilleggsutgreiing til møte 12.2.2015:

Vedtak med val og tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt vart sendt til KRYSS Revisjon 12.1.2015.

KRYSS Revisjon har i e-post datert 22.1.2015 bedt om at kontrollutvalet i neste møte avklarar/presiserer nærare kva som ligg i tinginga, sjå vedlegg.

Sidan neste møte for Fjaler kontrollutval etter planen skal vere 8. mai, har SEKOM-sekretariat føreslått eit ekstramøte 12. februar der revisor vert innkalla.



Eigarskapspolitikk for Fjaler kommune 2012

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m. Kommunestyret	Møtedato 17.12.2012	Saksnr 111/12	Saksansvarleg OLH
Arkivsaknr 12/990	Sakshandsamar Ola Hovland	Arkiv K1-026	

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vurdering av fortsatt eigarskap i selskap som kommunen er medeigar i blir vedteke.

17.12.2012 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KOM-111/12 VEDTAK:

Vurdering av fortsatt eigarskap i selskap som kommunen er medeigar i blir vedteke.

Trykte vedlegg i saka

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
8	X	31.10.2012		Sunnlab AS - 2012
2	X	31.10.2012		Dale Utleigebygg AS - 2012
9	X	14.11.2012		Firda produkt AS - 2012
13	X	14.11.2012		Sunnfjord Miljøverk (SUM) IKS 2012
17	X	14.11.2012		SYS IKT, §27 - 2012
16	X	14.11.2012		SEKOM sekretariat §27 - 2012
15	X	14.11.2012		Kommunerevisjon Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS revisjon) §27 - 2012
12	X	15.11.2012		Transplant Eigedom AS - 2012
18	X	15.11.2012		Fjaler Næringsutvikling (FNU) medlemsorganisasjon - 2012
6	X	15.11.2012		Lutelandet Utvikling AS - 2012
4	X	15.11.2012		Alarmsentralen IKS - 2012
3	X	15.11.2012		Vevang Produksjon AS - 2012
10	X	27.11.2012		Haugland Internasjonale FOU senter AS - 2012
14	X	27.11.2012		Sunnfjord og Ytre Sogn interkommunale legevaktsamarbeid IKS - 2012
20	X	28.11.2012		Alden hamneområde §27

5	X	04.12.2012	Sunnfjord Energi AS - 2012
7	X	06.12.2012	Firda Billag AS - 2012
11	X	06.12.2012	Eigarskapspolitikk som eigar i selskap - 2012
19	X	06.12.2012	Dingemoen idrettspark , forening - 2012
23	X	06.12.2012	Visit Fjordkysten AS - 2012
22	X	06.12.2012	Foreningen Vest Norges Brusselkontor - 2012
1	X	06.12.2012	Oversikt over verksemdar - eigardel og verv

Ikkje trykte vedlegg i saka

SAKSUTGREIING:

Første eigarskapsmelding for Fjaler kommune vart vedteken av kommunestyre 8.11.10.

I høve førre melding er det komt til 4 nye selskap; Visit Fjordkysten AS, Kystvegen Måløy Florø AS, Alden hamneområde og Foreningen Vest Norges Brusselkontor.

Kystvegen er eit nystarta selskap og her er ikkje eigarskap vurdert i denne meldinga.

Del I av eigarmeldinga omhandlar i det vesentlege eigarpolitikk der det er gjort greie for motiv og mål for offentlig eigarskap, krav retta mot eigar, kva krav ein stiller til selskapet og kva arbeidsform som blir lagt til grunn for administrativ og politisk utøving av eigarrolla.

Del II av eigarmeldinga har omtale av kvart av selskapa som kommune har eigarskap i og ei vurdering av å halde fram med eigarskapen. I trykte vedlegg til saka vil ein finne ei vurdering av kvart enkelt selskap som Fjaler kommune er medeigar i.

I all hovudsak er årsmeldingar og rapportar brukt til å samanfatta faktaopplysningar på kvart selskap, jf pkt 2.2 i del 1. Rapportering av styresamansetning er i stor grad knytta til kven som sat i styre i 2011. I nokre selskap er det oppdatert med gjeldande styre.

Eigarskapspolitikk og vurderingar av selskap er i denne omgang gjort for Fjaler, men det vil vere naturleg for framtida å samarbeide med nabokommunane både med omsyn til eigarskapspolitikk og vurdering av selskap som ein eig i fellesskap. På den måte vil ein i større grad kunne optimalisere arbeidet (fordele selskapa) og følgje det enkelte selskapet sin aktivitet gjennom året og ta initiativ til felles drøfting av sakene før eigarmøta. Viser elles til folkevaldopplæringa og gjennomgang av eigarskapspolitikk.

VURDERING:

I og med at selskapa sine formål, storleik og status er ulike, er det ikkje gjort noko samla vurdering utover følgjande kommentarar:

For dei største aksjeselskapa er det viktig å fokusere på selskapa sine evne til å jobbe strategisk og ha fokus på avkastning.

I selskap med næringsdrift bør det stillast same krav til avkastning på investert kapital som det ein privat eigar vil gjere, jf. , jf. pkt 3h i eigarpolitikken. I desse selskapa er det og viktig å gjere særskilt grundige vurderingar i samsvar med pkt 4 i eigarpolitikken.

Kommunale samarbeid og selskap er det viktig å fokusere på kvalitet og effektivitet. Generelt er det viktig at alle er merksam på reglar for kjønnsrepresentasjon og habilitet.

FJALER KOMMUNE

EIGARPOLITIKK SOM EIGAR I SELSKAP

	DEL 1	
1	BAKGRUNNEN FOR EIGARMELDINGA	
1.1	Motiv og mål for offentlig eigarskap	
2	GRUNNLAG FOR GODT OFFENTLEG EIGARSKAP	
2.1	Obligatorisk opplæring og informasjon til folkevalde.	
2.2	Utarbeiding av eigarskapsmeldingar	
2.3	Utarbeiding og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtaler/vedtekter	
2.4	Vurderingar og val av selskapsform	
2.5	Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd	
3	ARBEIDSFORMA FOR POLITISK OG ADMINISTRATIV UTØVING AV EIGARROLLA	
3.1	Rolla til dei valde representantane	
3.2	Politiske avklaringar i forkant av møte i selskapet	
3.3	Rapportering om utviklinga av eigarstrategien for Fjaler kommune	
4	OMFANGET AV DET KOMMUNALE EIGARSKAPET	
4.1	Selskapet	
4.2	Avgrensingar i eigarskapen	
	DEL II	
	Omtale av kvart av selskapa som kommune har eigarskap i og ei vurdering av framleis eigarskap.	

Vedteken i kommunestyre 17.12.12 – sak .../12

DEL 1 EIGARPOLITIKK

1. BAKGRUNNEN FOR EIGARMELDINGA

Kommunestyret vel representantar til styre og representantskap i selskap kor ein har eigarinteresser.

Det kan vere ulike grunnar til at ein kommune heilt eller som part etablerar eit selskap, men slik som utviklinga er på dei fleste område blir det stilt store krav til profesjonalitet i utøving av eigarskap.

Eit aktivt eigarskap er grunnleggande for ein best mogleg lokalpolitisk forvaltning av dei samla verdiar og har direkte konsekvens for verksemdene, deira disponeringar og marknadsposisjon.

Det er viktig at kommunen for å kunne utøve eit profesjonelt eigarskap, har eit medvete forhold til føremål, generelt om verksemda til selskapet, økonomiske utvikling, framtidig utvikling og målet med kommunen sin eigarskap.

Det er og viktig at den enkelte representant som blir valt til å representere kommunen er sitt ansvar bevisst i mellom anna føremål med kommunalt eigarskap.

Ein eigarskapsmelding vil sikre nødvendige styringssignal til selskapa, tydeleggjere lokalpolitikarane sitt ansvar og som resultat av dette styrke kommunen sitt omdømme.

1.1 Motiv og mål for offentleg eigarskap

Ein eller fleire av desse fem kategoriane nedanfor skal leggjast til grunn for utforming av mål og motiv for selskapa som kommunen eig eller er medeigar i:

- Finansielt motivert
- Politisk motivert
- Effektivisering av tenesteproduksjon
- Samfunnsøkonomisk motivert
- Regionalpolitisk posisjonering

2 GRUNNLAG FOR GODT OFFENTLEG EIGARSKAP

Følgjande prinsipp skal leggjast til grunn for Fjaler kommune si eigarskapspolitiske plattform, her under eigarstyring, leiing av verksemd og kontroll

2.1 Obligatorisk opplæring og informasjon til folkevalde.

Kommunen bør som ein del av folkevaldopplæring gjennomføre obligatoriske kurs og/eller eigarskapsseminar for alle folkevalde i dei ulike aspekta i samband med eigarstyring i løpet av det fyrste året av valperioden.

2.2 Utarbeiding av eigarskapsmeldingar

Eigarskapsmeldinga er eit overordna politisk styringsinstrument for verksemdar som er lagt til eit anna rettssubjekt eller et anna interkommunalt organ.

Kvart år bør det leggjast fram ei sak på eit kommunestyremøte etter sommaren med rapportar frå alle selskapa som Fjaler har eigarinteresse i.

- 1) Kommunen sin samla eigarstrategi vert utforma og følgt opp av kommunestyret
- 2) Årsmelding og årsrekneskap frå selskapa vert lagd fram for kommunestyret
- 3) Viktige spørsmål å drøfte i forhold til selskapa er:
 - a) Aktuelle planar og utsikter for dei kommande åra
 - b) Økonomisk utvikling og viktige hendingar (jfr. årsberetning)
 - c) Mål og prinsipp for kommunen sitt eigarskap i selskapet
 - d) Er kommunalt eigarskap framleis føremålsteneleg
- 4) Anna viktig informasjon for å ivareta openheit og meiroffentlegheit:
 - a) Kven som er styremedlem samt registrering i www.styrevervregisteret.no
 - b) Styrehonorar – som reflektere ansvaret, kompetanse, tidsbruk og verksemda sin kompleksitet.
 - c) Kven som er revisor
 - d) Eigarandel

2.3 Utarbeiding og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtaler/vedtekter

Selskapa si verksemd/virke skal komme klart fram av vedtektene/selskapsavtalen. Innan for rammene av vedtektene/selskapsavtalen skal selskapet ha definert klare mål og strategiar.

1. Selskapet skal vere bevisst samfunnsansvar sitt

- a. Det bør utarbeidast og jamleg reviderast etiske retningslinjer.
- b. Sjølvstendige verksemdar bør søke medlemskap i ein arbeidsgjevarorganisasjon.
- c. Meiroffentlegheit bør vere eit prinsipp

2. Eigarane skal handsamast likt

- a. Selskapet skal gi dekkjande informasjon i god tid om saker som er til handsaming. Saksdokumenta bør vere utførlege nok til at eigarane kan ta stilling til alle saker som skal handsamast.
- b. I aksjeselskap bør innkalling og saksdokument til generalforsamling sendast ut minst fire veker før generalforsamlinga.
- c. For interkommunale selskap skal innkalling og saksdokument til representantskapsmøtet sendast minst fire veker før møtet.

3. Opningsbalansen skal vere tilpassa formålet med eigarskapet og selskapet sin situasjon.

- a. Finansieringa av selskapet må tilpassast type verksemd.
- b. Selskapet bør ha ein eigenkapital som er tilpassa mål, strategi og risikoprofil.
- c. Selskapet bør ha ein strategi på kapitalbinding – stor kapital er vanlegvis ikkje ynskjeleg for kommunen.
- d. Løns- og insentivordningar bør utformast slik at dei fremjar verdiskapinga, og skal vere rimelege. Hovudprinsippet bør vere at selskap med kommunar som eigar, følgjer kommunale lønsvilkår.
- e. Vedtekter eller selskapsavtale bør tydeleg vise om selskapet skal utføre oppgåvene sjølv eller om dei skal eksponerast for konkurranse.
- f. Ved leveranse av tenestar frå selskapet til eigarkommunane bør det stillast krav om tenesteavtalar.
- g. Det er naturleg at eigar måler resultat ved avkastning på den kapitalen som selskapet forvaltar, kor tilfredse kundane er og HMS tilhøve, samt krav til likestilling i høve til styrande organ.
- h. Det bør utgreiast ein klar utbyttepolitikk. I selskap med næringsdrift, bør ein offentleg eigar stille dei same krava til avkastning på investert kapital som det ein privat eigar vil gjere.

4. Styret skal ha nødvendig kompetanse, kapasitet og mangfald.

- a. Samansetjing av styret må ein sjå i forhold til formål.
- b. Det er viktig at styret vert vald ut frå selskapet sitt behov, vedkommande sin kompetanse og styret si totale samansetjing.

- c. I selskap med betydelege sektorpolitiske mål bør det vurderast konkret om medlemmar i styret bør vere nært knytte til kommunen si politiske og administrative leining.
- d. Same person skal ikkje sitje i både generalforsamling og styre i eit selskap.
- e. For å sikre utvikling av nødvendig kompetanse i styret skal det etablerast rutinar som ein del av styrets rammer:
 - a) Avklaring av roller ansvar og oppgåver,
 - b) Krav til kompetanse
 - c) Styreevaluering og årsplanlegging med fokus på mål, strategi og gjennomføring.
 - d) Rapportering til eigar – årsrapportering.
- f. Oppnemning av vararepresentantar bør vere numerisk og ikkje personleg vara gitt utifrå behovet for å kontinuitet og kompetanse.
- g. Habilitet. Nye reglar. Ein bør unngå situasjonar der styrets medlem blir vurdert i forhold til forvaltningslova sine reglar om habilitet.
 - a) Etter kommunelova § 72.1 kan ikkje administrasjonssjef og ordførar sitte i føretaksstyra (frå 1.1.10).
 - b) Etter forvaltningslova §6 kan ingen kommunalt tilsette eller folkevalte handtere saker i kommunen som gjelder eit selskap der dei sjølv er styremedlemmar, også der selskapa er fullt ut offentleg eigde.(Trer i kraft frå 1.11.11)
- h. Kjønnrepresentasjon. KommuneLova § 80a Stiller krav om Kjønnrepresentasjon i styra i samsvar med Aksjelova §20-6

5. Valnemnd i aksjeselskap og interkommunale selskap

- a. For aksjeselskap og interkommunale selskap bør det vedtektsfestast bruk av valnemnd for å sikre samansetjing av styre med kompetanse i tråd med eigars formål med verksemda.
- b. Valnemnda bør gjenspegle eigarsitsen og fleirtalet av nemnda bør vere uavhengig av styret og tilsette.
- c. Valnemnda si innstilling skal grunngjevast.

6. Styret skal uavhengig av grunnlag ha ein aktiv rolle overfor dagleg leiar når det gjeld service, kontroll, strategi og ressursituasjon. Styret bør:

- a. Leggje til rette for god dialog på generalforsamling/representantskapen mellom eigarar, styret og leiinga.
- b. Fastsetje ein årleg plan for arbeidet sitt med særleg vekt på mål, strategi og gjennomføring.
- c. Utarbeide plan for eige arbeid og eigen kompetanseutvikling samt evaluere verksemda si.
- d. Nye styremedlemer må lærast opp til kva ansvar og rolle dei har.

I tillegg til prinsippa ovanfor om godt eigarskap, gjeld dette:

Politisk vedtatt eigarstrategi bind deltakarane i generalforsamling og representantskap. I alle selskap vert det stilt krav om at sakliste og saksdokument til representantskapet, generalforsamling eller andre eigarorgan i selskapet skal sendast ut minimum 30 dagar før møtet. Dokumenta skal sendast til ordførar, valde representantar og rådmann. Når fleire kommunar i fellesskap eig eit selskap, bør eit særskilt ansvar for oppfølging av selskapet fordelast mellom rådmennene. Den som har koordineringsansvaret for eit selskap, har som oppgåve å følgje med i selskapet sin aktivitet gjennom året og ta initiativ til felles drøfting av sakene før eigarmøta. Føremålet med ei slik arbeidsdeling er også at rådmennene i større grad skal kunne hjelpe ordførar og valde representantar i forkant av eigarmøta.

2.4 Vurderingar og val av selskapsform

Det er eigaren sitt ansvar å sikre ein selskapsform som er tilpassa verksemda sitt formål, eigarstyringsbehov, marknadstilhøve og konkurranseregelverket. Før eit selskap vert danna, bør det analyserast kva eigar ynskjer å oppnå ved å opprette eit selskap framfor ei meir tradisjonell etatsorientering. Tilsvarende analyse bør gjerast når eigarstrategien skal utarbeidast.

Kommunane har følgjande muligheiter:

1. Aksjeselskap, etter aksjeloven. Generalforsamlinga er øvste organ.
2. Interkommunalt selskap (IKS), etter lov om interkommunale selskap. Representantskapen er øvste organ.

For begge desse selskapsformene blir det stilt krav til styring gjennom etablering av formelle styringsorgan som sikrar selskapa nødvendig autonomi for å fungere som sjølvstendige rettssubjekt. Kommunestyret overfører mynde til å utøve styringa til eigarorganet.

3. Kommunalt foretak etter kommunelova kap 11.

Der kommunen ynskjer å gi verksemda ein nok omeir sjølvstendig stilling enn det som gjelder i den tradisjonelle etatsmodellen kan den etablere eit styre etter kommunelovas kap. 11. Kommunestyret er øvste organ.

4. Interkommunale samarbeid/styre etter kommunelova §27

Kommunane står fritt til å samarbeide på ulike områder utan at det er overdratt beslutningsmyndigheit eller representasjonskompetanse ved bruk av klova §27. Avhengig av kor mykje mynde som blir overført til styret, er enkelte av verksemdene å rekne som sjølvstendige rettssubjekt.

5. Stiftingar etter Stiftelseslova av 2001

Oppretterne står fritt til å fastsette formålet, og stiftelsen er eit sjølvstendig rettssubjekt. Stiftelsar har til forskjell frå dei øvrige ingen eigarar. Verken opprettaren eller andre kan med grunnlag i eigedomsretten gjere krav på del i stiftinga sitt overskot. Er ikkje anbefalt for verksemdar som krev eigarstyring.

2.5 Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd

Sjølv om konkurranselova ikkje har lovfesta at man skal dele frå verksemdar som driv i konkurranse med det private frå monopolverksemd, blir det anbefalt at dette blir gjort der det er mogleg for å unngå rolleblending. Unntak bør berre gjerast der det kan synleggjerast samdriftsfordelar som tilseie at man har felles organisering.

3 Arbeidsforma for politiske og administrativ utøving av eigarrolla

Følgjande reglar og arbeidsformer skal brukast i eigarstyringa.

3.1 Rolla til dei valde representantane

- a) Dei valde representantane skal ivareta kommunen sine interesser gjennom å delta aktivt i selskapet sine organ.
- b) Oppgåver i styret vert løyste til beste for selskapet si utvikling og i samsvar med styreinstruks og eigarkrav.
- c) I enkeltsaker av prinsipiell og stor betydning kan formannskapet instruere representantane.

3.2 Politiske avklaringar i forkant av møte i selskapet

Før møte i eit selskap skal dei valde representante i Fjaler kunne få politiske avklaringar. Dette gjeld generelt og i saker av uvanleg art eller stor betydning spesielt. Dette skjer på følgjande måte:

Dersom ein representant melder inn ei sak eller emne før møte i Formannskapet, vurderar ordføraren dette og hentar eventuelt inn råd frå gruppeleiarane og/eller rådmann. Det blir tatt opp sak i Formannskapet enten i opent eller lukka møte, og representantskapen får svar om kommunen sitt råd/syn. Ei slik sak bør meldast til ordførar minst ei veke før møte i Formannskapet.

Dersom ein representant melder inn spørsmål til oppklaring, er det tilstrekkeleg at rådmannen vurderer dette og gir svar til representanten om kommunen sitt råd/syn.

3.3 Rapportering om utviklinga av eigarstrategien for Fjaler kommune

Kvart år bør det leggjast fram ei sak på eit kommunestyremøte etter sommaren med rapportar frå alle selskapa som Fjaler kommune har eigarinteresse i.

- a. Kommunen sin samla eigarstrategi vert utforma og følgt opp av kommunestyret.
- b. Årsrapport og årsrekneskap frå selskapa vert lagde fram for kommunestyret.
- c. Viktige spørsmål å drøfte i forhold til selskapa er
 - Har kommunen ein tydeleg eigarstrategi
 - Stemmer eigarstrategien med dagens formål?
 - Er kommune sitt engasjement framleis gyldig?
 - Er drifta i selskapet i samsvar med selskapet sitt formål?
 - Korleis er selskapet si økonomiske stilling m.m.?

4 Omfanget av det kommunale eigarskapet

4.1 Selskapa

Fjaler kommune har pr. 2010 eigarskap i 10 aksjeselskap. Av aksjeselskapa er Vevang produksjon heileigd av Fjaler kommune, dei andre er eigd anten i lag med kommunar eller private, eller i ein kombinasjon av dette og eigarprosenten varierar frå 3,95% til 100%

Aksjeselskapa er desse:

Vevang produksjon AS, Transplant Eigedom AS, Lutelandet Utvikling AS, Haugland Internasjonale FoU Selskap AS, Sunn Lab AS, Firda Produkt AS, Sunnfjord Energi AS, Firda Billag AS (omdanna frå IKS – i løpet av 2010), Dale utleigebygg AS, Haugland Rehabiliteringssenter AS, Visit Fjordkysten AS, Kystvegen Måløy-Florø AS

Dei interkommunale selskapa (IKS) er:

SYS IKL, Alarmsentralen i S&Fj IKS, Sunnfjord Miljøverk IKS,

Fjaler kommune er med på følgjande interkommunale samarbeid (etter kommunelova sin §27 – eigne rettssubjekt)

Kryss revisjon, Sekom-Sekretariat, SYS IKT, Alden hamneområde

Fjaler kommune er medstiftar i følgjande stiftingar Røde Kors Nordisk United World College, Stiftinga Jensbua.

Andre selskap: Fjaler Næringsutvikling – medlemsorganisasjon. Fjalerhallen driftsselskapet – foreining/lag/innretning, Foreningen Vest Norges Brusselkontor

Når det gjelder stiftingane er det ikkje tale om eigarskap sidan stiftingane eig seg sjølv. Stiftingane fell difor utanfor eigarskapsproblematikken. Stiftinga har ikkje noko operativt eigarorgan, t.d. ei generalforsamling, der eigarane utøve mynde. Det kan likevel vere ønskeleg å få utvikle ein strategi for kommunen si eventuelle deltaking ved oppretting av nye stiftingar. Stiftelsar er ikkje anbefalt for verksemdar som krev eigarstyring.

4.2 Avgrensingar i eigarskapen

Sidan kommunen sin eigarprosent varierar frå 100% til under 1% (< 1000,- i AK) har vi valt å avgrense talet på selskap.

Dette gjelder følgjande postar: Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS – aksjekapital < 1%.

Andre verksemdar som ikkje er teke med i vurderinga er:

Hagehola burettslag, Longehogen burettslag,

Del II VURDERING AV SELSKAP OG EIGARSKAP

Del av eigarmeldinga har omtale av kvart av selskapa som kommune har eigarskap i og ei vurdering av framleis eigarskap.

Følgjande mal ligg til grunn for vurdering av selskap og eigarskap:

Fjaler sin eigardel

Styret

Styregodtgjerlse m.v.

Revisor

Formål, marknad, kundar, aktivitet m.v.

Viktige hendingar i 20xx

Økonomisk utvikling

(kr. 1000,-)	20xx	20xx	20xx
Sum inntekt			
Resultat etter skatt			
Totalkapitalrentabilitet			
Gjeldsgrad (gjeld/EK)			
Likviditetsgrad			
Eigenkapitalprosent			

Økonomiparametra blir vurdert utifrå følgjande norm:

	Ikkje tilfredsstill.	Svak	Tilfredsstill.	God	Meget god
Resultat av drift	< 0%	0-2%	3-4%	5-7%	> 7%
Totalrentabilitet	< 1%	1-5,99%	6-10%	10-15%	> 15%
Likvidetsgrad (oml/kg)	< 0,5	0,5-0,99	1-1,49	1,5-2	> 2%
Eigenkapitalgrad (ek/t)	< 3%	3-9%	10-17%	18-40%	> 40%
Gjeldsgrad (sum g/ek)	> 20	20-8	7-3	2-1	< 1

Aktuelle planar og utsikter for dei kommande åra

Mål for kommunen sitt eigarskap i selskapet

Er kommunalt eigarskap framleis føremålsteneleg

Tilråding:

OVERSIKT OVER VERKSEMDER - EIGARDEL OG VERV

AS

tal i 1000

Selskap	Stifta	Eigardel	Andel aks	Styremedlem	Representantar
Sunnfjord Energi AS	1914	10,82 %	21 640	Mass K. Myklebust	Arve Helle
Firda Billag AS	1920	6 %	600	ingen	Arve Helle
SunnLab AS	2003	10 %	167	ingen	Arve Helle
Lutelandet Utvikling AS	2005	34 %	578	Arve Helle (nestleiar)	Arve Helle
Haugland Internasjonale FOU Selskap AS	1995/2005	33,77 %	51	Arve Helle og Linda Hovland	Arve Helle
Transplant Eigedom AS	2006	34,88 %	600	Ingeborg Tysnes, Yngve Åsnes	Arve Helle
Vevang produksjon AS	1990	100 %	100	Øystein Våge, Kjetil Felde (Anior F. Naustdal 31.12.11)	Formannskapet
Firda Produkt AS	1986	5 %	25	ingen	Arve Helle
Dale Utleigebygg AS	1986	3,95	25	ingen	Arve Helle
Visit Fjordkysten AS	2009	6,00 %	36	Linda Hovland	
Kystevegen Måløy - Florø AS	2012	3,47 %	25	ingen	

IKS

Sunnfjord Miljøverk IKS	1992	folketalet		Stig Moltumyr (Erling Hjelle til 31.12.11)	Mette Kvamme/Harald Vik (repr.skap)
Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS	2003	2,81 %		ingen	Edvin Bøthun
SYS IKL	2009	folketalet		Arve Helle (leiar)	Jan Ulltang (representantskap)

INTERKOMMUNALE SAMARBEID etter kommunelova §27

Namn	komm.l.	Fordeling		Styremedlem
KRYSS revisjon	2005	ressursbruk		Geir Tessem (Magnar Vagstad til 31.12.11)
SEKOM - sekret.	2004	ressursbruk		Magne Nordal (Jofred Åsnes til 31.12.11)
SYS-IKT	2005	folketal/fast		Ola Hovland
Alden hamneområde	2011	andel/fast		Gudmund Solheim (eigarrepresentant)

ANDRE SELSKAP

Fjaler Næringsutvikling (FNU)	2000	medl.organisasj		Arve Helle, Odd Helge Aase	Arve Helle
Dingemoen idrettspark - Fjalerhallen	1995	Forening		Anita Nyland Skaar, Frank Vik	Kommunestyret
Vest Norges Brusselkontor	2009	Forening		Arve Helle	
Hagehola burettslag				Øivind Helle	Arve Helle
Longehoge Burettslag					Arve Helle
Stiftinga Jensbua		stifting		Linda Hovland (FNU)	
Røde Kors Nordisk United World College		stifting			Arve Helle

Fra: Charles Litsheim
Sendt: 22. januar 2015 13:40
Til: Audhild Ragni Vie Alme
Kopi: Arnar Helgheim; Terje Førde
Emne: SV: Fjaler kontrollutval - Val og tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt

Hei

I samråd med dagleg leiar Terje Førde har vi desse kommentarar til vedtaket i kontrollutvalssak 004/15 «Val og tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt».

I kl§§ 77 nr 5 (heimelen) og 80 (innsynsrett) er selskapskontroll inndelt i to typar kontroll. Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon.

I vedtaket frå Fjaler kontrollutval vert orda «eigarskapspolitikk» nytta. Er det å betrakte som kommunelova sitt begrep eigarskapskontroll? Vidare står det i vedtaket at Fjaler kontrollutval vel dette som sitt neste forvaltningsrevisjonsprosjekt. Ein forvaltningsrevisjon er noko anna enn ein eigarskapskontroll. Vi ber om at ein i neste møte i kontrollutvalet avklarar/presiserar næreare kva som ligg i tinginga. Slik det står no, er vi usikre på kva som er forventa av oss i høve ordlyden i tingsvedtaket.

Vi ber også kontrollutvalet presisere kva selskap ein ynskjer å få ein revisjon mot. Slik det står no er det ikkje spesifisert kva selskap kontrollutvalet ynskjer å få gjort ein selskapskontroll mot.

Mvh

Charles Litsheim

Revisjonssjef forvaltning
KRYSS Revisjon

e-post: charles.litsheim@kryssrevisjon.no <<mailto:charles.litsheim@kryssrevisjon.no>>

tlf: 57 61 26 42

mob: 91 33 30 46

Fra: Audhild Ragni Vie Alme
Sendt: 12. januar 2015 15:09
Til: Charles Litsheim
Kopi: Stig Årdal; Terje Førde; Arnar Helgheim; "Magne Norddal"
Emne: VS: Fjaler kontrollutval - Val og tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt

Her kjem vedtaket/møtebok for sak 004/15 ☺

Fra: Audhild Ragni Vie Alme
Sendt: 12. januar 2015 15:05
Til: 'Charles Litsheim'
Kopi: 'Stig Årdal'; 'Terje Førde'; 'Magne Norddal'
Emne: Fjaler kontrollutval - Val og tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt

Hei,

Vedlagt følger vedtak i Fjaler kontrollutval i dag sak 004/15 Val og tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt, der det vart gjort følgjande vedak:

Fjaler kontrollutval vel gjennomgang av eigarskapspolitikk for Fjaler kommune, som sitt neste forvaltningsrevisjonsprosjekt av KRYSS Revisjon.

Korleis utøver den enkelte representant si rolle i høve til kommunen si interesse i selskapet. Jamfør punkt 3. Arbeidsforma for politiske og administrativ utøving av eigarrolla, i Fjaler kommune sin eigarpolitikk som eigar i selskap.

Kontrollutvalet ber KRYSS Revisjon legge fram prosjektplan på neste møte.

Nedanfor har eg limt inn punkt 3 i dokumentet Eigarskapspolitikk Fjaler kommune 2012.

3 Arbeidsforma for politiske og administrativ utøving av eigarrolla

Følgjande reglar og arbeidsformer skal brukast i eigarstyringa.

3.1 Rolla til dei valde representantane

- a) Dei valde representantane skal ivareta kommunen sine interesser gjennom å delta aktivt i selskapet sine organ.
- b) Oppgåver i styret vert løyste til beste for selskapet si utvikling og i samsvar med styreinstruks og eigarkrav.
- c) I enkeltsaker av prinsipiell og stor betydning kan formannskapet instruere representantane.

3.2 Politiske avklaringar i forkant av møte i selskapet

Før møte i eit selskap skal dei valde representante i Fjaler kunne få politiske avklaringar. Dette gjeld generelt og i saker av uvanleg art eller stor betydning spesielt. Dette skjer på følgjande måte:

Dersom ein representant melder inn ei sak eller emne før møte i Formannskapet, vurderar ordføraren dette og hentar eventuelt inn råd frå gruppeleiarane og/eller rådmann. Det blir tatt opp sak i Formannskapet enten i opent eller lukka møte, og representantskapen får svar om kommunen sitt råd/syn. Ei slik sak bør meldast til ordførar minst ei veke før møte i Formannskapet.

Dersom ein representant melder inn spørsmål til oppklaring, er det tilstrekkeleg at rådmannen vurderer dette og gir svar til representanten om kommunen sitt råd/syn.

3.3 Rapportering om utviklinga av eigarstrategien for Fjaler kommune

Kvart år bør det leggjast fram ei sak på eit kommunestyremøte etter sommaren med rapportar frå alle selskapa som Fjaler kommune har eigarinteresse i.

- a. Kommunen sin samla eigarstrategi vert utforma og følgt opp av kommunestyret.
- b. Årsrapport og årsrekneskap frå selskapa vert lagde fram for kommunestyret.
- c. Viktige spørsmål å drøfte i forhold til selskapa er
 - Har kommunen ein tydeleg eigarstrategi
 - Stemmer eigarstrategien med dagens formål?
 - Er kommune sitt engasjement framleis gyldig?
 - Er drifta i selskapet i samsvar med selskapet sitt formål?
 - Korleis er selskapet si økonomiske stilling m.m.?

Fjaler kontrollutval har etter møteplanen neste møte 8. mai. Dei stiller spørsmål til om det bør vere eit møte før denne tid for at de kan sette i gang dette prosjektet? Dei ynskjer å handsame rapporten på siste møte for det noverande kontrollutvalet 10. september, dvs at den må vere ferdig til 1.9.2015.

Med helsing

Audhild Ragni Vie Alme
Rådgjevar

SEKOM-sekretariat

Mobil: +47 97170064

Tlf jobb: 57612785

E-post: arva@sekom.no <<mailto:arva@sekom.no>>

Hafstadvegen 42,Pb 338,6802 Førde

SEKOM-sekretariat

Saksgang Fjaler kontrollutval	Møtedato 12.02.2015	Saksnr 014/15
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-040	Arkivsaknr.: 14/308
---	-------------------------	-------------------------------

Oppfølgingslister 2-2015

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følgje opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
23/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	6.11.2009	- Orientering frå rådmannen om dei ulike driftsområda - Tertialrapportar - Tilsynsrapportar frå Fylkesmannen og andre - Orientering frå revisor om finansiell revisjon og generelt - Revisor legge fram rapportar etter kvalitetskontrollar.

Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Rutinar rundt sjukefråværet.	16.9.2013 16.9.2013 1.11.2013 20.10.2014 12.11.2014 13.11.2014 15.12.2014	Sak 021/13 Tinging vedteken Tinging sendt til KRYSS-revisjon for operasjonalisering.Sak 028/13 Prosjektplan vedteken Leveringsfrist: November 2014 Rapport levert av KRYSS Revisjon Sak 030/14 Vedtak: Kontrollutvalet viser til forvaltningsrevisjonsrapport «Rutinar rundt sjukefråvæ – Fjaler kommune» datert 20.10.2014, og sender rapporten over til kommunestyret for handsaming med følgjande tilråding om vedtak: Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonsrapport «Rutinar rundt sjukefråvæ – Fjaler kommune» datert 20.10.2014 til orientering, og ber rådmannen ta tilrådingane frå revisor med seg i det vidare arbeidet for å sikre at oppfølging av sjukmeldte skjer innanfor aktuelle fristar. Rådmannen vil innan 1.7.2015 informere kontrollutvalet om kva som er gjort i forhold til tilrådingane i rapporten. Sendt Fjaler kommune/kommunestyret. Vedteken i kommunestyret sak KOM-098/14
Val og tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt	12.11.2014 12.1.2015 12.1.2015 22.1.2015	Sak 031/14: Saka vart utsett Sak 004/15 vedtak: Fjaler kontrollutval vel gjennomgang av eigarskapspolitikk for Fjaler kommune, som sitt neste forvaltningsrevisjonsprosjekt av KRYSS Revisjon. Korleis utøver den enkelte representant si rolle i høve til kommunen si interesse i selskapet. Jamfør punkt 3. Arbeidsforma for politiske og administrativ utøving av eigarrolla, i Fjaler kommune sin eigarpolitikk som eigar i selskap. Kontrollutvalet ber KRYSS Revisjon legge fram prosjektplan på neste møte. Sendt vedtak til KRYSS Revisjon. Svarbrev frå KRYSS Revisjon der revisor ber om avklaringar
005/15 Reglement for Fjaler kontrollutval med reglement for høyring	12.1.2015 14.1.2015 26.1.2015	Vedtak: 1. Framlegg til reglement for Fjaler kontrollutval datert 2.1.2015, vert vedteke. 2. Framlegg til reglement for høyringar i Fjaler kontrollutval datert 2.1.2015, vert vedteke. Sendt til Fjaler kommune/kommunestyret. Vedteke av kommunestyret sak 008/15.
006/15 Møteplan 2015 for Fjaler kontrollutval	12.1.2015	Vedtak: Møteplan 2015 for Fjaler kontrollutval vert godkjent med følgjande datoar: 12. januar, 8 mai, 10. september og 30. oktober.
007/15 Årsmelding 2014 – Fjaler kontrollutval	12.1.2015 14.1.2015 26.1.2015	Vedtak: Årsmelding 2014 frå Fjaler kontrollutvalet vert godkjent. Sendt til Fjaler kommune/kommunestyret. Vedteke av kommunestyret sak 007/15.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Fjaler kontrollutval	Møtedato 12.02.2015	Saksnr 015/15
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/129
---	----------------------	-------------------------------

Eventuelt

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).